

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 18/2003

Møtedato: 26.03.03

Arkiv nr:

SMÅVILTJAKT

Sidan starten på 90-talet har det vore dårleg med lirype. Fjellstyret har derfor dei siste åra redusert jaktpresset. I 1996 reduserte ein talet på jaktkort for fuglejakt med 20 %, og rype var freda etter 10 dagar. I 1998 innførte ein i tillegg "dagskvote" på 2 liryper pr. dag. I 1999 innførte ein att jakt etter fjellrype over skoggrensa på Bukonofjellet og Gilafjellet i tida 25.9 – 15.10. Frå 2000 fekk utanbygds jegerar med fuglehund jakte etter orrfugl i perioden fom 15.10 tom 14.11. Desse tiltaka har gjort at ein har fått redusert avskytinga av lirype, samstundes som ein kunne gi jegerane eit jakttilbod.

I sak 10/2002 gjorde fjellstyret etter framlegg frå jeger- og fiskarlaget følgjande vedtak:
Fjellstyret vedtek vidareføre dagens ordning for sal av kort til småviltjakt med følgjande endring:

- Jaktslutt blir endra frå 14.november til 14. desember.
- Det blir innført dagkvote på 2 fjellryper.
- Etter 24. september er det berre tillete å jakte fjellrype over skoggrensa på Bukono- og Gilafjellet.

Sist haust var det bra med fugl, men ein bør ikkje auke avskytinga noko særleg enno. Vi bør kanskje vurdere å kartfeste grensa for fjellrypejakt på Bukono- og Gilafjellet etter 24. september. V.Slidre jeger- og fiskarlag og kommunen er bedt om uttale til jaktkortordninga.

Jeger- og fiskarlaget har gjeve følgjande uttale:

Fjellstyret bør fortsette med den strenge reguleringa av lirypejakta som en har hatt de siste åra. Ordninga med jakt på fjellrype i tida 25.09 – 14.12 bør videreføres. Kvote for felt fjellrype og lirype pr. jeger pr. dag (baglimit) bør videreføres. Jakt på fjellrype i den frie perioden, bør fortsatt avgrenses til Bukonofjell og Gilafjell. En kartmessig avgrensning av fjellrypeterranget i Bukonofjell og Gilafjell kan vurderes. Når det gjelder jakt med hund etter orrfugl i den "frie" perioden, mener jeger- og fiskarlaget at denne ordninga som ble innført i 2000, også kan videreføres.

VEDTAK:

Fjellstyret vedtek å vidareføre jaktkortordning frå siste år. Administrasjon får fullmakt til vurdere eventuell kartfesting av fjellrypeterranget i Bukono- og Gilafjellet.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 27.3.03

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: V.Slidre jeger- og fiskarlag v/Svein Erik Ski, 2966 Slidre
V.Slidre kommune